

# A s a t r u i.

Av Jonas Belleßen.

Verdi vert til. Fraa fyrst av var det eit tomt rom, Ginnungagap. Sunnanfor laag ein eldheim med svær hite, og der raadde Surt med eit logande sverd. Nordanfor var ein skoddeheim med is og snø, og fraa ein brunn der rann det ut mange iskalde eiteraaer. Rimet av deim møtte gneistarne fraa eldheimen i Ginnungagap, og ved dette vart jötunen Yme og kui Aludhumbla til. Fraa Yme kom alle jötnar og bergrisar. Kui sleikte dei salte rimklumparne, og daa kom det upp ein stor, sterk og fager mann; han fekk ein son, som heitte Bur, og Bur hadde tri søner: Odin og Vile og Ve. Dei drap Yme og drog kroppen hans ut i Ginnungagap. Blodet gjorde dei til hav, kjøtet til jord, beini til berg, haaret til stog, skallen til himmel, og heisen til sther. Paa himmelen sette dei gneistar fraa eldheimen og gjorde deim til sol, maane og stjernor. Dei lét havet gaa umkring jordskiva, og jötnarne rømde mot nord til Jötunheim og Utgard. I kroppen hans Yme kvitna dvergar, og dei fekk vit og mannaham, men laut bu i jord og steinar.

Odin vart far til dei høse og fagre æserne (gudarne). Ein dag gjekk Odin og Høner og Lodur ut til hjøstrand. Der fann dei two tre, og av deim skapte dei ein mann og ei kvinne, Aſt og Embla. Odin gav deim aand, Høner vit, og Lodur blod og fager lit. Æserne gav deim klæde, og til verja mot jötnar og troll bygde dei borgi Midgard aat deim. Fraa Aſt og Embla er alle folk ætta.

Æserne budde paa Asgard i himmelen og styrde baade himmel og jord. Ned til jordi la dei regnbogen til bru. Kvar dag heldt dei ting under aski Yggdrasil, som er den gjævaste av alle tre. Det hev tri store røter; den eine gjeng til brunnen i skoddeheimen, den andre til ein brunn i Jötunheim, og den tridje til Urdabrunnen i Asgard. Greinerne spritjer ut hver heile jordi. Ein drake og fleire ormar gneg paa roti, og i toppen gjeng fire hjortar og ét lauv og gneg, so treet rotnar paa sidorne og hev det verre enn mange veit um; men ved Urdabrunnen bur tri megtige nøyar, som dei fallar Norner; dei øys vatn upp etter treet, so det alltid held seg grønt. Desse nornerne raar for liv og lagnad. Utsendingarne deira fylgjer folk fraa vogga til gravi; nokre gjer godt, og nokre vondt.

Odin er størst av æserne. Han bur i Valhall, som hev hver 500 dører, og kvar er so stor at 80 brynjeklædde mennar kann gaa jamsides igjenom. Loftet er av spjot, og taket av blanke skoldar. Fraa høgsætet ser han ut over heile verdi. Paa akslerne hans sit two ramnar; kvar morgon flyg dei ut og fer jordi rundt, og ut paa dagen kjem dei att med tidend fraa alle land. Den graaehesten hans heiter Sleipne og hev aatte føter; paa den rid han likso fort i lufti og paa sjøen som paa landjordi. Til Odin i Valhall kjem alle

dei som gjer rett og fell i ørleg strid. Ûm dagen slæst dei paa ein valplass og feller kvarandre for moro skuld; men um kvelden sivnar dei upp att og vert gode vener, og so rid dei til Valhall og et flekk og drift mjød.

Tor i Trudvang, son til Odin, er den sterkeste av æserne. Han hev staalhandskar og eit styrkebelte; men best ver han seg med hamaren Mjølne, som raamar alt det han kastar etter, og kjem att av seg sjølv. Tor bergar bonden mot jøtnar og troll. Naar han kører i fjerra si med two geitebuffar, vert det tora og høneld.

Balder er god og mild, og so fager at det lyser av honom; han bur i breidablit. Tyr er gud for ufred, og Brage for skaldekunst. Heimdall held valt; han fer 100 mil, og høyrer graset gror, og naar han blees i Gjallarhornet, hømar det hver heile verdi.

Frigg, kona til Odin, er den fremste av aashynjorne. Frøya er gydja for kjørleit.

Dysdagen heiter etter Tyr, onsdagen etter Odin, torsdagen etter Tor, og fredagen etter Frøya, men sundagen etter soli, maandagen etter maanen, og laurdagen etter laug eller vøft.

Det vonde tek til. Lenge var det fred baade millom æser og folk; men daa det kom jøtunkvende til Asgard, og æserne slo seg i lag med deim, vart det ufred. Jøtnarne tok paa æserne; men Tor dreiv deim burt med hamaren sin. Løke vart teken upp millom æserne, endaa han var av trollcett. Han var fager, men sløg og vond. Eids hjelpte han æserne med gode raad, men likte best aa gjera deim skade og hjelpla jøtnarne. Han hadde tri føle born, Fenresulven, Midgardsormen, og Hel. Æserne venta seg ikkje anna enn vondt av deim; difor batt dei ulven paa ein holm; men dei fekk ikkje leggja band paa honom, utan ein av deim heldt handi si i gapet hans. Det vaaga Tyr; men daa ulven ikkje slapp laus att, heit han handi av. Midgardsormen kasta dei i havet. Her vaks han seg stor og slyngjer seg kring heile jordi og bit i sporden sin. Men Hel sturta dei til Helheim, og der er følt. Til henne kjem vonde og daadlause, naar dei døyr.

Ein gong skapte Tor seg um til ein ung gut og vilde fanga Midgardsormen. Um kvelden kom han til ein jøtun som heitte Hyme, og var der um natti. Hyme reis tidleg upp um morgonen og vilde paa sjøen og fiska. Tor spurde um han kunde faa vera med, og laga seg til; men Hyme sa: »Ungt og smaatt duger ikkje til sjøs; du kann frjosa i hel.« Tor vart so sint at han nær hadde slege Hyme i hel med hamaren sin; men han styrde seg, og spurde berre kva dei skulle taka til agn. »Det før du sjølv finna deg,« svara Hyme. Tor gjekk burt til buskapen og vred hovudet av den største stuten Hyme aatte, og tok det med seg. Daa Tor treiv aalarne, gjekk det so fossande fort, at Hyme vart reint forfølt. Hyme vilde leggja inn aalarne, daa dei kom til fiskeplassen; men Tor meinte at det nytta inkje aa fanga flundra, dei laut lenger ut. Hyme vart rødd og sa: »Kjem me lenger ut, kann Midgardsormen taka oss.« Men Tor rodde langt ut, og so tok han upp eit tjukt snøre og sette stutahovudet paa ein stor krok og kasta ut. Midgardsormen heit paa kroken og rykte so hardt at nevarne hans Tor slo mot øsingi. Daa vart Tor sint; han tok paa seg heile aasastyrken, og sleit og spente so hardt i, at føsterne hans gjekk igjenom baaten og naadde havbotnen. Men daa laut ormen upp; han sputte eiter, og augo var rauda som blod. Tor saag kvaast paa honom og lyfte hamaren i været; men Hyme vart rødd og star snoret av, so ormen soff. Tor kasta hamaren etter, men fekk ikkje drepa honom. So gav han Hyme eit drag under øyra med knytte neven, so han stupte hver bord, og sjølv vassa han i land.

Trym, tursedrotnen, stal hamaren hans Tor og gøynde han, 8 mil under jordi, og han vilde ikkje koma att med han, utan han fekk Frøya til kona. Frøya vart sint, daa ho høyrde dette; bringa hennar gjekk so sylgjorne riste. »Giftessuk laut eg vera, um eg før til Jötunheim,« sa ho. Daa laut Tor pynta seg til brur; bukkarne vart sette syre kjerra, og Tor kørde, so bergi braast, og jordi stod i loge. Løke sylgde med som brurgjenta. Ælv kvelden samla gjesterne seg til brudlaup. Tor aat aaleine ein ukse, 8 laksar, og all den kraas som kvaldi skulde hava, og drakk 3 saald mjød. Daa sa Trym: »Aldri saag eg brur bita kvassare, og aldri saag eg møy drifka meir mjød.« »I 8 dagar hev Frøya ikkje smaka noko,« svara Løke; »so lengta ho etter Jötunheim.« Syster hans Trym kom inn og bad um brurgaava. Daa sa Trym: »Ber no inn hamaren, legg han i fanget aat bruri, og vig oss so.« Fegen vart Tor, daa han fekk att hamaren sin; han drap Trym og mange jötnar.

Balder døyr. Balder hadde tunge draumar, og tykte han var feig. Frigg tok daa eid av alle ting, at dei skulde verja honom. Paas tinget staut æserne paa honom for moro; men ingen ting skadde honom. Daa skapte Løke seg um til eit kvende, og gjekk til Frigg og spurde um alle ting hadde svore aa verja Balder. Frigg svara: »Det veks ein ørliten kvist vestanfor Valhall; han heiter misteltein; den tyktest meg vera for ung til aa krevja eid av.« Løke gjekk burt, sleit mistelsteinen upp og strauk til tinget med han. Hød stod yst i mannaringen; han var blind. »Kvi slyt ikkje du?« sa Løke. »Inkje kann eg sjå, og ikkje hev eg vaapn,« svara Hød. »Du lyt daa æra Balder, du som dei andre,« sa Løke; »eg skal syna deg kvar stend; skjot med denne kvisten!« Hød staut so som Løke synnte honom, og daa datt Balder daud til jordi. Æserne tapte reint mælet; den eine saag paa den andre, og alle var sinte paa Løke. Daa dei skulde til aa tala, kom graaten fram. Frigg spurde um nokon vilde rida til Helheim og løysa Balder ut. Hermod, sveinen hans Odin, baud seg til; han steig paa Sleipne og Reid av garde. — Æserne stopla upp eit baal paa skipet hans Balder og brende liket der. Daa Nanna, kona hans saag det, braast hjarta hennar, so dei laut brenna henne paa same baalet. — Hermod Reid gneiter gjennom myrke og djupe dalar. Daa han kom til Helgrindi, steig han av hesten og spente sâlgjordi fastare. So sette han seg paa att og gav Sleipne spôdrane, og hesten hoppa høgt over grindi. Hermod Reid til halli hennar Hel og gjekk inn. Balder og Nanna sat i høgsætet, og saag ut som skuggar. Hermod var der um natti, og um morgonen tala han um kor stor graat det var paa æserne, og bad Hel um at Balder maatte faa koma upp att til Asgard. Hel lova det, dersom alle ting i verdi vilde graata for Balder. Alle gjorde det: folk, dyr, stein, tre, og all malmen. Men i ei hola i fjellet sat ei trollkjering, som ikkje vilde graata, og daa laut Balder vera der han var. Denne fjeringi var Løke.

Hemmen. Løke gøynde seg i eit fjell; men Odin saag honom. Daa æserne kom og vilde taka honom, skapte han seg om til ein laks og kasta seg i ein foss; men dei fanga honom i eit garn og hadde honom inn i ei myrk hola i fjellet. So tok dei tri hellor og sette paa kant, og hver deim batt dei honom med tarmarne av hans eigen son, og hengde ein orm hver honom, so eiteren skulde drjupa i andlitet. Men kona hans held ei staal under, so det berre dryp paa honom naar ho tømer skaali, og daa vrid han seg, so jordi sjeld.

Enden paa verdi kjem, for det vonde før magti baade i himmelen og paa jordi. I tri aar er det frost og snøfolk utan sumar. Jordi sjelv, og fjelli sturtar. Løke og Fenresulven kjem laus; Midgardsformen syn til lands, og heile jötunheren kjem siglante. Himmelen rinvær, og fraa eldheimen kjem Surt med ei straalande fylking. Alle stemner til ei stor slett. Heimdall blæs i Gjallarhornet, og til striden rid øserne med sine menner ned hver regnbogebriui. Fenresulven gløyper Odin; men Vidar riv upp kjeften paa ulven og hemner far sin. Tor slær Midgardsformen i hel, men dør av eiteren hans. Løke og Heimdall feller kvarandre. Daa slengjer Surt elden sin over verdi; jordi brenn og sjøkk ned i havet.

Ei ny jord kjem uppor havet, grøn og fager, og aakrane veks usaadde. Øserne livenar upp att, og Balder kjem fraa Hel. I eit tre hev ein mann og ei kvinna gøynt seg, og fraa deim kjem ei ny mannaeitt. Ovan fraa kjem den megtige som raar for alt, og som ein ikkje torer nemna namnet paa; han feller dom og gjer fred. Dei gode samlar han i Gimlé, som er tekt med gull og er fagrare enn soli; der skal dei hava fred og glede i all øeva. Men dei vonde maa til Naastrand, den verste avgrunnen i Helheim, og der skal dei vassa i eiterstraumar og pinast av ein drake.



Norrigs soga for skule og heim.

1907.